Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

# Møteinnkalling

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen** |
| **Møtestad:** | Teams |
| **Dato:** | 06.03.2023 |
| **Tidspunkt:** | 09:00 |

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

# Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv-saksnr |
|---|---|---|---|
| ST 9/2023 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 10/2023 | Referatsaker | | |
| RS | Pressemelding Tildeling DOGA-merket: Slik åpnet de opp Sognefjellet for alle – nå får Lom-stien pris | | 2023/2545 |
| RS | Utladalen landskapsvernområde - Nasjonalparkstyret ber om fjerning av gamal telelinje inn til Vetti | | 2023/1314 |
| ST 11/2023 | Delegerte vedtak | | |
| 3/2023 | Delegert vedtak - Utladalen LVO - motorferdsel 2021-2025 - snødekt mark - Vang Energiverk | | 2021/2510 |
| 4/2023 | Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - Transport av varer og utstyr til hytter for Årdal Jeger og Fisk - Kyrkjevatnet - Vasspollane - Trollsjøen - Norsk Folkehjelp Årdal | | 2022/10929 |
| 5/2023 | Delegert vedtak - Tillatelse - Jotunheimen nasjonalpark - 2023 - Bruk av helikopter i for opprydding av søppel på Fannaråken - DNT Oslo og Omegn | | 2023/1282 |
| 6/2023 | D elegert vedtak - utvida frist for gjennomføring - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Skutertransport i samband med avslutting byggearbeid - naust ved Rundhaugtjønne i Luster | | 2019/18592 |
| 7/2023 | Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - barmark - Busstransport til Glitterheim - Ottadalen Lokallag av Norges Blindeforbund | | 2023/994 |
| ST 12/2023 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Prioritering av tiltaksmidlar - 2023 | | 2022/10936 |
| ST 13/2023 | Jotunheimen NP - dispensasjon - 2023 - etablering av basestasjon på Ryggjehøhaugan - Telenor v/ Pro Invenia AS | | 2022/12048 |
| ST 14/2023 | Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2023 - Snødekt mark - vintertransport av gjester - Memurubu Turisthytte AS | | 2023/2056 |
| ST 15/2023 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Uttale til regional plan for klima, energi og miljø - Innlandet | | 2021/4058 |
| ST 16/2023 | Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Uttale til planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2024 - Luster kommune | | 2023/2527 |
| ST 17/2023 | Eventuelt | | |

**ST 9/2023 Godkjenning av innkalling og dagsorden**
**ST 10/2023 Referatsaker**
**Pressemelding Tildeling DOGA-merket: Slik åpnet de opp Sognefjellet for alle – nå får Lom-stien pris 2023/2545**
**Utladalen landskapsvernområde - Nasjonalparkstyret ber om fjerning av gamal telelinje inn til Vetti 2023/1314**
**ST 11/2023 Delegerte vedtak**
**3/2023 Delegert vedtak - Utladalen LVO - motorferdsel 2021-2025 - snødekt mark - Vang Energiverk 2021/2510**
**4/2023 Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - Transport av varer og utstyr til hytter for Årdal Jeger og Fisk - Kyrkjevatnet - Vasspollane - Trollsjøen - Norsk Folkehjelp Årdal 2022/10929**
**5/2023 Delegert vedtak - Tillatelse - Jotunheimen nasjonalpark - 2023 - Bruk av helikopter i for opprydding av søppel på Fannaråken - DNT Oslo og Omegn 2023/1282**
**6/2023 D elegert vedtak - utvida frist for gjennomføring - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Skutertransport i samband med avslutting byggearbeid - naust ved Rundhaugtjønne i Luster 2019/18592**
**7/2023 Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - barmark - Busstransport til Glitterheim - Ottadalen Lokallag av Norges Blindeforbund 2023/994**

# Saksframlegg

**Arkivsaksnummer:** 2022/10936-8 **Saksbehandlar:** Kari Sveen **Dato:** 27.02.2023

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 12/2023 | 06.03.2023 |

# Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Prioritering av tiltaksmidlar - 2023

## Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen registrerer at tildelt løyving til tiltak for tilrettelegging ligg på 64 % av innmeldt behov/søknad, medan tildeling av skjøtselsmidlar er fullt i samsvar med søknaden. Det kan verta behov for å søke om tilleggsmidlar til tiltak dersom det blir opna for dette i løpet av året. Jotunheimen er eit svært trafikkert område med stort behov for tilrettelegging og stiskjøtsel for å førebyggje og reparere erosjonsskader.

1. Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvingane til drift av styre og til planarbeid.

| | |
|---|---|
| Drift av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | kr. 330.000 |
| Arbeid med forvaltningsplan / besøksstrategi | kr. 80.000 |
| Kartlegging av sårbare verneverdiar og slitasje i Gjendeområdet | kr. 0 |
| Sum løyving under post 14.20.21 | kr. 410.000 |

2. Drift av sekretariatet inngår i budsjettramme for Statsforvaltarane i Innlandet og Vestland. Nasjonalparkstyret legg til grunn at løyvingane til sekretariat med ein forvaltar hos Statsforvaltaren i Innlandet og ein forvaltar hos Statsforvaltaren i Vestland blir tilpassa det behovet ein har for å kunne følgje opp arbeidet med kunnskapsbasert forvaltning av verneområda. Styret finn det uheldig dersom budsjettet ikkje gjev rom for å følgje opp med nødvendige synfaringar og deltaking på møte og samlingar som krev reiser. Budsjettet må ta høgde for at deltaking på landsdekkande fagsamlingar av og til vil krevje flyreiser og ekstra overnattingar – dette gjeld særleg for stillinga plassert på vestsida.

3. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer dei 650.000 kr. i tiltaksmidlar som er løyvd med økonomiansvar hos forvaltninga for 2023 slik:

| **A. Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen.** | **550.000** |
|---|---|
| Oppgradering og sikringstiltak på sti Vetti-Vettismorki | 500.000 |
| Vedlikehald og førebyggande tiltak på utsette strekningar, samt ryddetiltak i området rundt Glittertinden | 50.000 |

| **B. Informasjon/tilrettelegging – jf. besøksstrategi / forvaltningsplan** | **100.000** |
|---|---|
| Fullføring rundt påbegynte tiltak på innfallsportane<br>- Utkikkspunkt Sognefjellet, reparasjon og revegetering | 85.000 |
| Vedlikehald etablerte tiltak, Veodalen og Vettismorki | 15.000 |

Forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar mellom tiltak dersom det blir meir eller mindre forbruk enn stipulert. Styret blir orientert i påfølgande møte.

4. Prioritering av skjøtselsmidlar forvalta av SNO Jotunheimen:

| | |
|---|---|
| Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen) | 280.000 |
| Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen) | 190.000 |
| Styving/rising av alm og lind i heimre Utladalen | 100.000 |
| Krattrydding/vedlikehald kulturlandskap Øvre Utladalen | 40.000 |
| Styrt beiting (storfe) i Gjendebuområdet | 90.000 |
| Kratt og skogrydding / vedlikehald kulturlandskap Gjendebuområdet | 30.000 |
| Styrt beite ved Gjendebu (geit) | 20.000 |
| Slått av kve ved Gjendebu for ivaretaking av biologisk mangfald<br>Blir gjennomført annakvart år – sist utført 2021 | 25.000 |
| **Sum skjøtselstiltak** (direkte løyving SNO-budsjett) | **775.000** |

SNO og forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar ved behov.

5. Plassering av dei tildelte ferdselsteljarane (eco-counter) blir prioritert slik:
   1) Teljing ved Vetti opp mot Vettismorki, for å følgje utviklinga på tal besøkande før og etter tilrettelegging med nytt utsiktspunkt og ny sjølvbeteningshytte på Vettismorki.
   2) Galdhøpiggen frå Juvflye, for å få eit intrykk av samla ferdsel mot Piggen på berrmark.
   3) Knutshøe, for å få oppdaterte tal i eit område med ferdselsutfordringar og forsøk på styring av ferdsel gjennom pilotprosjekt i UT.no
   4) Skagastølsdalen, for å få eit inntrykk av tal besøkande inn mot Hurrungane / Vest-Jotunheimen i sommarhalvåret
   5) Vesleløyfte, Besseggenstien. Teljing på same plass som 2017-22, for å kunne følgje utviklinga ved Nasjonal Turiststi Besseggen over ein lengre periode.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Sak 42/2022 i møte 14.11.22 i Nasjonalparkstyret, med tilhøyrande bakgrunnsdokument
  - Innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområde og SNO-ressursar - 2023
  - Brev av 02.11.22 frå Miljødirektoratet - *Rammer og opplegg for statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2023.* Vedlegg:
  - *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025*
  - *Skjema for innspill om ønsket SNO ressurs i verneområder*
- Klima- og miljødepartementet - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene*
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, godkjent 07.11.12, med seinare justeringar
- Søknad om tiltaksmidlar 2023, Elektronisk søknadssenter (ESS) 10.01.2023.
- Tildeling av tiltaksmidlar 2023, Miljødirektoratet (ESS), behandling.
- Tildeling av midlar til styret og planarbeid – Miljødirektoratet (ESS).
- Klima- og miljødepartementet - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene*
- Miljødirektoratet – *Strategi for bruk av tiltaksmidler 2020-2025*

## Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret vurderte i sak 42/2022 kva tiltak ein skulle søke om. Det vart søkt om eit større beløp til opprusting av stien opp frå Vetti til Vettismorki. Det var også søkt om midlar til eit samarbeidsprosjekt om informasjonsmedarbeidar, men dette er ved behandlinga hos Miljødirektoratet definert som utanom postformål, slik at det eventuelt må arbeidast politisk om ei slik ordning skal kunne utviklast. Ut over dette hadde ein eit svært nøkternt nivå, ut frå at ein har fått større tildelingar til Utsiktsplattform Vettisfossen dei siste par åra. Alle tiltak i søknaden for 2023 var sett opp med det ein ser som eit minimumsbehov.

Det vart søkt om totalt 1.785.000 kroner, fordelt på 1.010.000 til tiltak og 775.000 til skjøtsel. Søknad om skjøtselstiltak er innvilga fullt ut, og blir utført under leiing av SNO-Jotunheimen. Tiltak for tilrettelegging i regi av forvaltninga er tildelt 64 % av omsøkt beløp, eller 650.000 kr. – jf. oversikt under. To tiltak er definert utanfor postformål. Det må prioriterast innan løyvd ramme blant tiltaka som er innan postformålet.

| | Navn | Status | Innvilget beløp | Øk. ansvarlig |
|---|---|---|---|---|
| 1 | Sti Vetti - Vettismorki | | | Forvaltningsmyndighet |
| 2 | Vedlikehald og førebyggande tiltak på stinett | | | Forvaltningsmyndighet |
| 3 | Utsjekk og supplering av tiltak ved innfallsportar | | | Forvaltningsmyndighet |
| 4 | Informasjonsmedarbeider | Utenfor postformål | | Forvaltningsmyndighet |
| 5 | Temabrosjyrer dyre- og fugleliv | Utenfor postformål | | Forvaltningsmyndighet |
| 6 | Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen | OK | 280 000 | Lokalt SNO |
| 7 | Styrt beite Skåri, Avdalen, Vetti i Utladalen | OK | 190 000 | Lokalt SNO |
| 8 | Styving/rising av alm og lind | OK | 100 000 | Lokalt SNO |
| 9 | Krattrydding/vedlikehald Øvre Utladalen | OK | 40 000 | Lokalt SNO |
| 10 | Styrt beite ved Gjendebu (storfe) | OK | 90 000 | Lokalt SNO |
| 11 | Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet | OK | 30 000 | Lokalt SNO |
| 12 | Styrt beite ved Gjendebu (geit) | OK | 20 000 | Lokalt SNO |
| 13 | Slått av seterkve ved Gjendebu | OK | 25 000 | Lokalt SNO |
| 14 | Vedlikehald og drift av eksisterande tiltak | | | Forvaltningsmyndighet |
| 15 | Ferdselsteljarar | | | Lokalt SNO |
| 16 | Samlet pott | OK | 650 000 | Forvaltningsmyndighet |
| Antall: 16 | | | 1 425 000 | |

Søknad om midlar til styre og planarbeid vart innvilga i tråd med søknad. Søknad om midlar til kartlegging av sårbar natur vart avslått pga avgrensa rammer i statsbudsjettet.

Behovsinnmelding statsforvalteren

Oversikt | Søknad | Saksbehandling

| Navn | Status | Innvilget beløp |
|---|---|---|
| Drift av nasjonalparkstyret | Innvilget | 330 000 |
| Kartlegging av sårbar natur påverka av ferdsel | Avslag | |
| Revisjon av forvaltningsplan Jotunheimen/Utladalen | Innvilget | 80 000 |
| | | 410 000 |

# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert frå 01.01.2020. Pkt. 8.2 i vedtektene legg opp til at *«Nasjonalparkstyret prioriterer bruken av de tildelte midlene. Alle tiltak skal være i tråd med godkjent forvaltnings-/tiltaksplan for verneområdene og andre relevante styringsdokumenter.»*

# Vurdering

Stien Vetti-Vettismorki

Utsiktspunkt Vettisfossen med ny plattform vart ferdigstilt hausten 2022. I samband med denne tilrettelegginga vart stien flytta vekk frå kanten av juvet og inn på trygg grunn, ved omlegging av traseen frå kryssinga av Morkaelvi og fram til utsikten. Ny trase vart rydda og merka sommaren 2022. Hausten 2022 fekk vi 200.000 kr. over post 14.20.38 til restaurering av gamle stiløp og dei nedslitne partia rundt den tidlegare utsiktsplattforma. Arbeidet med revegetering kom godt i gang, men det står att noko arbeid på området ved plattforma. Vi håpar å få dekka gjenståande arbeid med midlane som vart løyvd i 2022; evt. må det søkjast om ny løyving for fullføring i løpet av året.

Tilrettelegging av utsiktspunktet må følgjast opp med tiltak på stien opp frå Vetti til Vettismorki. Det er fleire plassar med markant stislitasje og strekningar med gammalt rekkverk som er i dårleg stand. Alt rekkverk bør få lik utforming, i tråd med formingsrettleiar utarbeidd av Dronninga Landskap i 2021/22. Med dette vil heile strekninga få eit heilskapleg uttrykk som harmonerer med materialval og utforming av utsiktsplattforma.
Avgrensa ressursar har gjort at ein har fordelt investeringane over tid, med planlegging 2020-21, bygging av plattform i 2022, og fullføring av stitiltak og terrengarbeid i 2023.

Brua over Morkaelvi må vurderast for oppgradering. Det er i alle høve behov for tosidig rekkverk, og styrking av fundament bør vurderast. Det vart ikkje søkt om midlar til dette, da ein vil vurdere status saman med DNT Oslo og Omegn før ein eventuelt kan stipulere eit kostnadsnivå og leggje plan for utføring. Utskifting av heile brua kan vere eit alternativ. Etter vidare avklaring med DNT OO kan det vera aktuelt å fremje søknad om tilleggsmidlar for tiltak ved brua seinare i år.




Det er behov for forskriftsmessig rekkverk på begge sider på brua over Morka-Koldedøla.


Begge fundamenta på brua må vurderast grundig.

<u>Andre stitiltak</u>
Tiltajsmidlane vil i hovudsak gå til stien opp frå Vetti, men det er årleg behov for vedlikehald av stinettet for å hindre og førebygge erosjon på strekningar med høg ferdsel. Det var m.a. meldt inn behov for rydding og evt. stivedlikehald i området mot Glittertinden i 2022, men tiltaket vart da nedprioritert pga. behov for midlar til utsiktspunktet.

<u>Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien:</u>
Fornying av informasjonstavler til nytt design ved alle sentrale innfallsportar har vore gjennomført trinn for trinn, i tråd med besøksstrategien. Tabellen under viser status for dei ulike innfallsportane, med tiltak utført i tråd med merkevaren (grøn), under arbeid (lysegrøn) og tiltak planlagt (lyseblå). Utan farge er punkt for vidare vurdering:

| **Utkikkspunkt** | |
|---|---|
| Pilot innfallsport Sognefjellshytta | Pilotsatsing, inkl. gangbru og opparbeidd sti, 2018. Reklamasjon på glastavler, erstatta med aluminiumstavler i 2021. Rekkverk utskifta med ei ny løysing som blir demontert kvar haust for å unngå snøskader. |

| | |
|---|---|
| Pilot innfallsport Sognefjellshytta, tilpassing og ferdigstilling rundt ny terrasse | Gangveg på austsida av turisthytta vart utsett i påvente av ny terrasse på Sognefjellshytta. Med fullført byggverk må traseen grusast opp for god kanalisering av trafikken. |
| **Startpunkt** | |
| **Skiltstativ med nye stålskilt**<br>Krossbu<br>Turtagrø | Del av pilotprosjektet, Utført 2018. Reklamasjon på glastavler, erstatta med nye aluminiumstavler i 2021. |
| **Skilt på stativ samlokalisert med andre**<br>Nye tavler ved Gjendeosen og Reinsvangen | Samarbeid med Nasjonale Turistveger, 2019 |
| **Nye skilt på eksisterande stativ**<br>Juvflya<br>Gjendebu og Memurubu<br>Koldedalen | Del av pilotprosjektet, utført 2018<br>Utskifting gamle skilt Gjendebu og Memurubu 2018<br>Utskifting av gammalt skilt i 2018 |
| Eidsbugarden | Erstatta øydelagt skilt med eitt i nytt design 2020. Format tilpassa kommunal informasjonstavle. |
| Glitterheim ved bom i Veodalen | Erstatta portstolpar med markørar i nytt design 2020. Utskifting skilt, eksisterande stativ 2019-21 |
| Utladalen / Hjelle | Forprosjekt om informasjon frå parkering og inn til Utladalen, utarbeidd 2019. Tiltak utført 2020-2021 |
| Spiterstulen/Visdalen<br>Leirvassbu | Ombruk av stativ/skifertavler. Trykk 2021, montert i 2022 |
| Utsiktsplattform Vettisfossen | Forprosjekt 2020. Prosjektering 2021. Bygging 2022 |
| **Nye tavler og andre tiltak med utforming etter merkevaren** | |
| Bygdin | Tavle ved brygga, gammal design, bør skiftast når endeleg plassering av brygge er avklara i reg.plan |
| Vargebakkane og Valdresflya? | Avhengig av ev. infopunkt i regi av Turistvegprosjektet |
| Eidsbugarden / Tyinkrysset (Fv. 53) | Samarbeid med Statens vegvesen? |
| Vegaskjelet kryss Fv 55 mot Leirvassbu | Samarbeid med Turistvegprosjektet ? |
| Infopunkt Beitostølen | Etablere kontakt og samarbeid med Langsua NP, med tanke på å få etablert nasjonalparkinformasjon på reiselivsdestinasjonen som kanaliserer mange besøkande inn i verneområda. Samarbeidsmøte gjennomført i 2021. Tiltaket må følgjast opp vidare. |
| Felles infopunkt i Gaupne | Samarbeid med Jostedalsbreen og Breheimen NP-styre |

Innfallsport Sognefjellshytta
Det er behov for kanalisering for å hindre trakk på flatene som etter planen skal revegeterast. Tiltak blir utført i samarbeid med Sognefjellet Turisthytte. Kostnad restarbeid 50.-70.000.

Andre infopunkt
Infopunkt ved Tyinkrysset (mot Fv. 53) må vurderast i samarbeid med Statens Vegvesen. Utskifting av tavler ved brygga på austsida av Bygdin er sett på vent, inntil ein får sett framdrift på ei planlagt flytting av brygga. Andre nye informasjonspunkt vil bli vurdert.

Andre publikumsretta informasjonstiltak
Utvida informasjon retta mot dei reisande på turistvegstrekninga fv. 55 er ønskt frå reiselivet. Sikteskive på utsiktstopp i tilknyting til gangvegen ved innfallsport Sognefjellshytta er klar for montering våren 2023. Frå utsiktstoppen ser ein mot Smørstabbtindane, Hurrungane og Fannaråken, og ein vil sjå namn på fjelltoppane på sikteskiva.

Ved Krossbu er det lagt til rette for geologivandring inn mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbrean, da det her er svært tydelege kvartærgeologiske formasjonar som eignar seg for formidling. Tiltaket er eit spleiselag mellom fleire aktørar, der Norsk fjellsenter har leia oppfølging av ei tidlegare avtale om informasjon langs Fv. 55 over Sognefjellet.

Temabrosjyre dyre- og planteliv
Det er fleire som ønskjer informasjon om dyre- og planteliv. Ein hadde tidlegare ein brosjyre om fuglelivet i verneområdet. Nå definert som tiltak utanfor postformål av Miljødirektoratet.

Drift, m.m.
Drift av etablerte tiltak (m.a. toalett ved parkering i Veodalen) krev om lag 5.-10.000 årleg. Tilsyn med, og vedlikehald av den nye utsiktsplattforma ved Vettisfossen og oppstramming / nedtaking av vaier på sikringsgjerdet er førebels stipulert til 5.-10.000 årleg.

Oppsummering tiltak:
Finansiering av utsiktsplattforma har vore ressurskrevjande, og i 2023 er det avgrensa midlar til anna tiltaksarbeid. Det blir med dette betre tid for andre oppgåver som revisjon av forvaltningsplan og besøksstrategi og fullføring av skjøtselsplan for Utladalen.

Skjøtsel (skjøtselsbudsjett administrert av SNO):

Skjøtsel ved Gjendebu og i Utladalen vert planlagt vidareført, i tråd med strategi for bruk av tiltaksmidlar som seier at igangsett skjøtsel må ha prioritet. Skjøtsel ved Gjendebu skjer i tråd med tilrådingane i evalueringsrapport frå Miljøfaglig Utredning frå 2011. Det er her etablert eit godt samarbeid med Storådalen beitelag, Lom fjellstyre og verten på Gjendebu.

Skjøtselstiltaka i Utladalen har gått over fleire år og er omfattande. Arbeidet blir utført i nært samarbeid med Utladalen Naturhus. Skjøtsel i Øvre Utladalen vart i 2021 utvida til å omfatte kulturlandskapet rundt Skogadalsbøen, i tillegg til vedlikehald av kulturlandskapet ved dei gamle sela i Guridalen.

Ein oppdatert skjøtselsplan vil danne grunnlaget for korleis ein bør prioritere områda med aktiv skjøtsel innan Utladalen LVO. Skjøtselsplanutkastet manglar formell godkjenning, og planutkastet var ferdigstilt i 2022. Prosess med godkjenning kjem i 2023.

Det vart i 2022 utført detaljert kartlegging av lindebestanden med styving-/risingstre ovafor Hjelle. Rapport levert i januar 2023 viser at ei eventuell utviding av styvingsområdet med lindetre vil vera ressurskrevjande i høve til det ein kan oppnå med betring av artsmangfaldet. Det blir derfor ikkje tilrådd å auke omfanget av styving her. Styving av alm innunder Avdal Gard held fram, da dette har høgare verdi både i høve til biologisk mangfald og formidlingsverdi overfor besøkande. Her er det og behov for meir detaljert kartlegging.

Skjøtsel av kulturmark er svært ressurskrevjande, og krev innsats over tid. Ei utviding betyr derfor at ein bind opp ressursar for åra framover, da det har liten hensikt å berre utføre eingongstiltak. Ved prioritering av skjøtselsområde vil styret samstundes gje signal om at tiltaket bør ha høg prioritet også i åra framover. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtselsplanen, og vurderast konkret sett i høve verneformålet. Ved behov for strengare prioriteringar må verneverdi/verneformål vektleggast. Tiltak i samarbeid med aktive drivarar i landbruket har stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

Forslag til fordeling er i tråd med søknad og tildeling.

Nettsider
Publikumsretta nettside www.jotunheimen.info etablert i 2020. Det er inngått avtale med eit firma om teknisk vedlikehald. Dette og evt. tenestekjøp for redigering er dekt innan drift/styre. Overføring av informasjon til ny nettstad www.nasjonalparkstyre.no og supplering med nytt stoff er utført av forvaltarane, utan konsulenthjelp https://www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen

Ferdselsteljing

Ferdselsregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar. Vi vonar å kunne disponere 5 teljarar også i 2023. Det er ønskjeleg med kontinuitet på teljingane over Besseggen, på Knutshøe og i området mot Vettisfossen. Ein legg opp til teljing over minst to år på andre prioriterte punkt, for å unngå tilfeldige utslag.

Det er interessant med teljing ved Vetti gard i Utladalen for å skaffe betre oversikt i eit svært trafikkert utfartsområde. Ein vil veksle mellom teljing på stigen opp mot Morki og på nedre stigen mot foten av Vettisfossen for å danne seg eit betre bilete av ferdselsmønsteret frå der vegen sluttar. Teljingane her må også sjåast i samanheng med ny utsiktsplattform og ny DNT-sjølvbeteningshytte på Vettismorki. Registreringane bør gå over tid for å sjå om dette medfører auke i den totale ferdsla og om det vil endre ferdselsmønsteret mot Vettismorki og topp/fot av fossen.

Vest-Jotunheimen villreinutval arbeider med revisjon av bestandsplan for villreinområdet, og spurde hausten 2019 om det var brukarundersøkingar som viser ferdsel i områda rundt Fanaråken-Skogadalsbøen-Vetti, men også Skogadalsbøen-Leirvassbu-Eidsbugarden. Det vart utført teljing ved Ekrehytta i 2007-08, før stien deler seg mot Utladalen og Fannaråken, og teljar var sett opp på same plass i 2020 og 2021. Teljar vart flytta til Skagastølsdalen i 2022, og bør følgjast opp i same området i 2023, for kvalitetssikring av tala.

Der ein har hatt ferdselsregistreringar har vi registrert ein vesentleg auke i Jotunheimen det siste tiåret, og det er viktig for forvaltninga å få nye tal for dei mest sentrale innfallsportane.

Det var teljar på stigen frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen i 2018 og i 2021. For å få samla trafikktal for Galdhøpiggen var det teljing på ruta frå Juvvasshytta i 2022. Denne må følgjast opp i 2023, for å få betre kvalitet på tala.

Ferdsla over Knutshøe har dobla seg frå 2015-16 med rundt 6500 passeringar til 2021-22 da ferdselsregistreringane viste over 13.000 passeringar. Det er i dag stor utfart over Knutshøe i juni, som er ein sårbar periode – jf. *Sårbarheitsvurdering for fugl i Aust-Jotunheimen - 2015*, som viser nedgang i hekkesuksess etter kvart som trafikken har auka. Dette viser at det er behov for å arbeide for å styre ferdselen meir mot seinsommaren og hausten, når fuglelivet er mindre sårbart overfor forstyrringar. Gjennom eit pilotprosjekt i samarbeid med UT.no vart det i 2022 lagt ut OBS-varsel med oppmoding om å unngår ferdsel til etter 1. juli, av omsyn til fuglelivet. Kampanjen fekk noko respons, men har til nå ikkje gjeve merkbart utslag på ferdselsmønsteret. For å ha ferske tal på eit område med stor merksemd frå media, forskarar og studentmiljø, bør teljinga her halde fram, for å kunne vurdere om det finst moglege verkemiddel for styring av ferdsel bort frå den mest sårbare tida for fuglelivet.

Besseggen har vore sett i samanheng med *Nasjonal Turiststi Besseggen* og dei pågåande arbeida ved Gjende knytt til *Nasjonale Turistveger,* og det har vore årleg teljing i 2017-2022 for å følgje utviklinga som skjer i takt med ulike andre tiltak i området. Fortsatt teljing er viktig for å følgje utviklinga ved Nasjonal turiststi Besseggen.

**Generell oppsummering – Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien**

Oppfølging av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 har vore prioritert, og innføring av nytt design i tråd med merkevaren *«Norges Nasjonalparker»* blir gjennomført trinn for trinn.

Det er svært mange som gjestar Jotunheimen, og ein må derfor leggje stor vekt på tiltak som kan bidra til verdiskaping utan forringing av verneverdiane, og til å gje besøkande gode naturopplevingar. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for berekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet. Den samla tilrettelegginga langs Fv. 55 gjev eit synleg og godt døme på merkevaren *Norges nasjonalparker.* Her er utkikkspunkt Sognefjellet eit hovudelement med gangbru og opparbeidd gangveg ved Fantesteinvatnet og

ein avstikkar til ein lett tilgjengeleg utsiktstopp der ein får etablert ei sikteskive med namn på fjelltoppar i 2023. Tilrettelegginga ved Sognefjellshytta er supplert med startpunkta Turtagrø og Krossbu. Frå Krossbu mot Bøverbrean er det gjennom eit samarbeidsprosjekt etablert ein naturstig med særleg vekt på kvartærgeologi. Mange besøkande er interesserte i å koma på synfaring til piloten for merkevaren og til besøkssenteret Norsk fjellsenter.

Brukarundersøking utført i 2019 har bidrege til å avdekke kva tiltak som er særleg etterspurt av brukarane, jf. rapport frå undersøkinga. Arbeidet med revisjon av forvaltningsplan og besøksstrategi og er dessverre forseinka, men er nå i gang att, med mål om fullføring i 2023.

I områda med størst besøkstrykk trengst årlege ressursar for reparasjonar og restaurering av stinettet. Dette gjeld særleg i områda Besseggen/Gjende, Galdhøpiggen og Vettisfossen, men også på utsette strekningar langs Fv. 55, der mange stoppar og tek ein avstikkar eller lengre tur inn mot nasjonalparken. Det same gjeld frå Fv. 51 over Valdresflye. Elles vil ein kvart år registrere punkt som krev oppfølging, avhengig av slitasje og erosjon etter smeltevatn. Sentrale punkt får utplassert ferdselsteljarar for å kunne følgje utviklinga over tid.

**Annan informasjon – samarbeid med andre**

Reiselivslaga etterspør informasjon som kan bidra i marknadsføring og verdiskaping. Fokus på bestemte område kan også ha kanaliseringseffekt frå område som blir mindre profilert.

Ein følgjer opp spørsmål om nasjonalparkinformasjon ved nytt informasjonspunkt på Beitostølen i samarbeid med Langsua nasjonalpark og Øystre Slidre kommune .

Det har vore ønskjeleg å ha temabrosjyrer til dei som ønskjer meir utfyllande informasjon om naturkvalitetane i området, men dette er nå definert utanom postformål. Ein ambulerande natursti til bruk ved arrangement og overfor skuleklasser har vore på tiltakslista over tid, og vil bli arbeidd vidare med ettersom ein får kapasitet. I tillegg til tradisjonell informasjon med plakatar og brosjyre, er det lagt til rette med digital presentasjon av opplevingar i verneområda gjennom dei nye besøksretta nettsidene, på norsk, engelsk og tysk.

Informasjonssenter er eit element som bør utviklast. Samarbeid med Norsk Fjellsenter om ymse informasjonstiltak kan prioriterast høgare når revisjon av forvaltningsplanen er fullført. I samarbeid med Utladalen Naturhus ønskjer ein å legge til rette med ny natursti frå Hjelle til Vetti, i Utladalsgjeli.

**Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar**

Det er og behov for auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar omfattande kartleggingar av biologisk mangfald og brukarinteresser, som er standard i nye verneplanprosessar. Sårbarheitsvurdering og kartlegging av rovfugl som dekkjer heile verneområdet er teke inn som eit ledd i forvaltningsplanarbeidet. Kartlegging av rovfugl bør fullførast i områda som manglar. Ein har kartlegging i Aust-Jotunheimen og Utladalen. Vest-Jotunheimen manglar god kartlegging.

Oppdatering av eldre kartleggingar utført etter DN-handbok13 er viktig, særleg i område med høg ferdsel på vegetasjonstypar som er særleg utsette for slitasje.

Ein har også fått utført betre samanstilling av kunnskapsgrunnlaget for villrein, og eit grunnlagsarbeid knytt til endra reglar for sykling og organisert riding. Med desse utgreiingane vil ein ha eit betre kunnskapsbakgrunn for revisjon av forvaltningsplanen, men det er fleire fagområde som bør få betre registreringar etter kvart som ein har kapasitet og ressursar.

Det er t.d. ønskjeleg å arbeide meir med kulturminneregistreringar i samarbeid med dei respektive fylkeskommunane, både for å ta vare på kulturminna og for å kunne formidle historia til besøkande.

Også kartlegging med verdivurdering av geologiske førekomstar vil vera viktig.

# Saksframlegg

**Arkivsaksnummer:** 2022/12048-8 **Saksbehandlar:** Kari Sveen **Dato:** 27.02.2023

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 13/2023 | 06.03.2023 |

# Jotunheimen NP - dispensasjon - 2023 - etablering av basestasjon på Ryggjehøhaugan - Telenor v/ Pro Invenia AS

## Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen avslår dispensasjonssøknad fra Telenor v/ Pro Invenia AS om etablering av en basestasjon for mobilnettet (Greensite) på Ryggjehøhaugan i Jotunheimen nasjonalpark.

Plassering av en ny installasjon på en eksponert lokalitet nesten 2 km lenger inn i nasjonalparken enn eksisterende inngrep vil påvirke landskapet negativt, og vil i tillegg medføre oppstykking og redusering av arealene uten tilrettelegging og inngrep.
Tiltaket er i strid med det overordna verneformålet om *«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep»,* og det vil påvirke verneverdien *vakkert og eigenarta landskap* i negativ retning. Vilkårene for å gi dispensasjon i medhold av naturmangfoldlova § 48 er dermed ikke oppfylt, da det her er stilt krav om at eventuelle tiltak *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig»,* og at begge disse vilkårene må være oppfylt.

Det vises videre til overordna føringer gitt i Miljøverndepartementets skriv av 14.11.2012 – *Retningslinjer ved behandling av søknader om utbygging av nødnett i verneområdene* – og til brev av 02.03.15 fra Klima- og miljødepartmentet (KLD) som gir retningslinjer for presedens i byggesaker med dispensasjonsvurdering etter naturmangfoldlovas § 48.

Dette vedtaket erstatter vedtak i sak 6/2023, som blir oppheva pga. at søknad fra Telenor Intra som ble oversendt fra Statskog ikke var gjennomarbeidet som dispensasjonssøknad.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Byggesøknad av 27.01.23 fra PRO INVENIA AS
- E-post av 24.02.23 vedlagt revidert søknad og artikkel om manglende mobildekning.
- E-postutveksling angående avklaring av saksgangen.
- Sak 6/2023 i Nasjonalparkstyret, med tilhørende bakgrunnsdokumenter
- Miljøverndepartementet – Skriv av 14.11.2012 – *Retningslinjer ved behandling av søknader om utbygging av nødnett i verneområdene*

- Brev av 02.03.15 fra KLD – *Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldloven § 48*
- Vedtak av 14.08.2020 – dispensasjon for etablering av relestasjon for breiband til Glitterheim Turisthytte - DNT Oslo og Omegn.

## Saksopplysninger

Nasjonalparkstyret behandla i sak 6/2023 en forespørsel om etablering av basestasjon fra Telenor Intra som var sendt Statskog som grunneier. Saka ble videresendt nasjonalpark-forvaltninga for behandling etter strengeste regelverk først. De oversendte dokumentene viste plassering på kart og skisser av bygg og antenne, og var for så vidt tilstrekkelige for å kunne ta stilling til omsøkt plassering i forhold til verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark.

Telenor viste til at dette ikke var ment som selve dispensasjonssøknaden fra deres side, da Telenor Intra bare jobbet med spørsmålet om grunnerverv. Pro Invenia AS har fått i oppdrag å bistå Telenor i søkeprosessen om oppføring av antenne / basestasjon i Jotunheimen, og har påtatt seg ansvaret som ansvarlig søker for dispensasjonssøknad for oppføring av ny basestasjon i Jotunheimen. Pro Invenia AS sendte søknad datert 27.01.23. Da var vedtaket i sak 6/2023 allerede sendt ut, men etter e-postutveksling og telefonsamtale kom vi fram til at det ville være mest ryddig å starte saka på nytt med komplette dokumenter fra Pro Invenia AS, i stedet for at Telenor skulle klage på det første vedtaket. Ved å starte saka på nytt, vil vedtaket i sak 6/2023 oppheves.

Søknad av 27.01.23 er etter en ny gjennomgang endret fra en 30 meter høy antennemast til en 18 meter høy antennemast. Oppdateringer går fram i revidert søknad datert 24.02.23.

**Hovedpunktene i søknaden:**
*<u>Tiltaket</u>:*
*Det søkes derfor med dette om oppføring av telekommunikasjonsmast på 18 meter, med tilhørende utstyrshytte for solceller, teleteknisk utstyr og brenselcelle. Hytten vil ha en grunnflate på 9,05 meter x 2,5 meter og vil få pulttak dekket med solcellepaneler.*




*Figur 1: Oversiktskart med plassering av mast på Ryggjehøhaugan (N=6830249,82 – Ø=478674,34)*

*Basestasjonen er en såkalt «Greensite» noe som innebærer at den er selvforsynt med elektrisk kraft. Det foreligger derav ikke er behov for fremføring og tilkobling til kraftnettet. Masten er tenkt plassert på Ryggjehøhaugan og vil med det gi dekning nord/nordøstover – nedover Veodalen, herunder for Glitterheim turisthytte, samt traseen opp mot Glittertinden – og sydover, videre innover Veodalen, samt skråningene opp mot Veabrean i vest til Nautgårdstinden i øst, herunder deler av merket løype over mot Spiterstulen.*
*Videre innebærer denne plasseringen av masten vil få fri siktlinje mot Jetta (en annen telekom-mast) noe som er radioteknisk viktig for å motta og for å videresende signalene.*




*Figur 2: Dekningskart hentet fra presentasjon à 22.03.2022 (Telenor / Lom kommune)*




*Figur 3 (til venstre):*
*Bilde retning «Jetta» (i det fjerne).*
*Korresponderende telekom-mast*




Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon *må* heller ikkje gis om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar fra overordna myndigheiter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uforutsatte eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Dispensasjonar blir og vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

### Forvaltningsplan

Framlegg til forvaltningsplan (2008) har desse retningslinene: *«Turisthyttene Gjendebu, Memurubu og Glitterheim har sida vernevedtaket i 1980 hatt dispensasjon om vinteren for transport av faste gjestar 2 gonger i veka, med viesel/snøskuter. - - - Denne typen transport er på grensa av grunnleggjande prinsipp for nasjonalparkvern og vil derfor ikkje bli utvida.»*

### Presedens

Bruk av den generelle dispensasjonsheimelen skal vurderast strengt. Enkeltvedtak kan danne grunnlag for uheldig presedens. Ein dispensasjon i dette tilfellet vil kunne medføre ei utholing av verneforskrifta. Sjølv i tilfelle der eitt einkeltståande løyve ikkje vil vere i strid med verneformålet eller påverke verneverdiane på staden, vil eit løyve i dette tilfellet også skape presedens då det er fleire turisthytter i Jotunheimen som kan hevdast å ha tilsvarande behov. Uheldig presedensverknad er i seg sjølv grunnlag for å avslå søknaden.

## Vurdering

Arkivsøk viser at bedrifta har søkt om utvida gjestetransport mange påfølgjande år frå 2003 (dette er så langt attende som ein har tilgang på elektronisk arkiv). Søknaden er avslått kvart år, da tiltaket er i strid med verneforskrift og forvaltningsplan. Søknad om utvida tal turar for gjestetransport var til klagebehandling i Direktoratet for Naturforvaltning (Miljødirektoratet) i 2003, med stadfesting på avslaget. Nye avslag etter 2003 har ikkje vorte påklaga, slik at søkjar tilsynelatande hadde akseptert vedtaka som har vorte gjort etter dette.

Det er konferert med jurist om korleis forskrifta § 3 pkt. 6.3. m) må forståast, og det at forskrifta viser konkret til 2 turar betyr at det ikkje er noko skjønnsrom for forvaltninga her. Det å bruke § 48 i naturmangfaldlova for å opne for fleire turar enn dei 2 spesifiserte turane pr. veke som forskrifta opnar for, vil vera ei utholing av verneforskrifta, og det betyr at unntaksheimelen i § 48 kan ikkje brukast på denne måten.

Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uforutsatte eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet. Transportpraksisen til bedriftene vart vurdert på vernetidspunktet, og det vart innarbeidd i verneforskrifta § 3 pkt. 6.3 m) at forvaltningsstyresmakta etter søknad kunne opne for ein avgrensa gjestetransport på vinteren med inntil to turar i veka. Det er altså gjort ei konkret vurdering av denne typen transport, der lovgjevar har talfesta talet på lovlege turar direkte i ordlyden i verneforskrifta. Dette betyr at det ikkje er opp til nasjonalparkstyret å auke tal turar

eller å sjå bort frå innhaldet i verneforskrifta § 3 pkt. 6.3 m). Forvaltningsstyresmakta har ikkje heimel til å utvide det talfesta unntaket for persontransport som vart innarbeidd i verneforskrifta for å ivareta etablert praksis på vernetidspunktet. Det vil heller ikkje vera rett av omsyn til prinsippet om likebehandling. Revidert verneforskrift vart vedteken av Kongen i Statsråd den 14.11.14, og med same avgrensing når det gjeld gjestetransport.

**Vurdering av søknaden innan rammene for verneforskrifta § 3 pkt. 6.3 m) og naturmangfaldlovas §§ 8-12:**
Styret kan etter søknad opne for *«transport 2 gonger i veka på vinterføre av gjester som ligg fast»* til Memurubu. Ein dispensasjon skal og vurderast etter naturmangfalslova §§ 8-12. Kjennskapen til andre interesser knytt til Gjendeområdet er i hovudsak god (§ 8 i naturmangfaldslova om kunnskapsgrunnlaget). Det er ikkje registrert særleg sårbare naturverdiar på den aktuelle transportstrekninga Gjendesheim-Memurubu eller internt på bedriftsområdet. Ut frå føre-var-prinsippet sett i naturmangfaldlovas § 9 og føringane knytt til økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det viktig å planleggje transporten for å halde motorferdsla på eit lågast mogleg nivå. § 11 blir ikkje vurdert som relevante i denne samanhengen. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftmetoder tilseier at det må visast særleg aktsemd både overfor dyreliv og overfor folk som ferdast i området. Tranporten vil m.a. kunne føregå i påska, da det også er mange andre brukarar som ein må ta omsyn til i dette området.

*:*

**Rapporteringsbehovet**
Transport av faste overnattingsgjester på vinterføre 2 gonger i veka
Det er frå Statens Naturoppsyn påpeikt at dispensasjonar må vera konkrete og utforma slik at dei kan etterprøvast. Med maksimalt tal turar må det difor stillast krav om at det blir ført køyrebok med utfylling ved start på kvar enkelt tur, i tråd med tilsendt skjema. Køyreløyve og køyrebok skal takast med under transport og skal kunne framvisast ved eventuell kontroll. Det er uklart om det er ført køyrebok i tråd med vilkår i tidlegare løyve til bedrifta, da vilkår om rapportering ved sesongslutt ikkje har vorte fylgd opp.

**Oppsummering / konklusjon**
Løyvet til køyring to dagar i veka i vintersesongen gjev rom for ein planmessig transport av bagasje/utstyr i tråd med det som var etablert praksis på vernetidspunktet. Motorisert transport etter eigendefinerte behov frå bedrifta vil vera ei generell liberalisering som vil bety ei utholing av verneforskrifta og det vil skape uheldig presedens. Handlingsrommet til styret er avgrensa av innhaldet i verneforskrifta som dei er sett til å forvalte. Styret er ikkje gjeve myndigheit til å opne for tiltak som går ut over rammene som er sett gjennom verneforskrifta, men kan fornye tidlegare løyve om transport 2 gonger i veka til å gjelde for 2023. Det blir ikkje tilrådd fleirårig løyve så lenge vilkåra om rapportering ved sesongslutt ikkje er fylgd opp.

# Saksframlegg

**Arkivsaksnummer:** 2021/4058-7 **Saksbehandlar:** Kari Sveen **Dato:** 27.02.2023

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 15/2023 | 06.03.2023 |

# Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Uttale til regional plan for klima, energi og miljø - Innlandet

## Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen saknar ei tydelegare satsing på aktiv besøksforvaltning i handlingsplanen. Besøksforvaltning er omtala i planprogrammet, og den regionale planen bør konkretisere nærare korleis dette kan utviklast i praksis. Det som står om besøksforvaltning i handlingsprogrammet pkt. 1.4 under kap. *5.1 Innovasjon og næringsutvikling for grønn omstilling* er ganske generelt, og bør konkretiserast før sluttbehandling av planen. Nasjonalparkstyret vil oppfordre til at eit utviklingsprosjekt for besøksforvaltning blir ein del av handlingsprogrammet i «Regional plan for klima, energi og miljø». Prosjektet bør organiserast som eit samarbeid der heile det store kompetansemiljøet på bruk-vern-feltet i Innlandet blir involvert. Vi ser det som naturleg at nasjonalparkstyra og forvaltarane blir involverte i dette arbeidet, saman med Statsforvaltaren og andre relevante aktørar. Reiselivsdestinasjonane vil også vera sentrale samarbeidspartar her.

For å kunne leggje til rette for auka verdiskaping knytt til nasjonalparkane og dei andre verneområda i Innlandet, er det viktig å ha ei aktiv forvaltning som er med og sikrar at bruken skjer på ein måte som ikkje går ut over verneverdiane. Dette krev både tilstrekkelege ressursar og god organisering. Det er viktig å bygge opp eit system som sikrar at informasjon når ut til brukarane og at det blir bygd gode system for kanalisering av ferdsel utanom sårbare område. Utvikling av randområdsonene til verneområda, med tilrettelegging av gode og funksjonelle innfallsportar, kan vera eit viktig bidrag i verdiskapinga.

Vi saknar nasjonalparkstyra som aktuelle samarbeidspartar både på punkt 1.4 under kap. *5.1 Innovasjon og næringsutvikling for grønn omstilling* og pkt. 5.1 under kap. *5.5 Natur- og kulturmiljø og naturmangfold* – jf. vurderinga.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Innlandet fylkeskommune – høyringsdokument *Regional plan for klima, energi og miljø*
- Sak 21/2021 - *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Innspel til planprogram - Innlandet - regional plan for klima, energi og miljø*

Plandokumenta kan lesast her: https://innlandetfylke.no/tjenester/klima-energi-og-miljo/nyheter-klima-og-miljo/regional-plan-for-klima-energi-og-miljo-pa-horing.43856.aspx

## Saksopplysningar

Innlandet fylkeskommune har sendt Regional plan for klima, energi og miljø på høyring. *Regional plan for klima, energi og miljø har som formål* å utforme, konkretisere og koordinere ein offensiv klima- og miljøpolitikk for Innlandet. Klima- og miljøomsyn skal vektleggast i alle samfunnsspørsmål, men dei skal tilpassast at vi lever i både by og bygd. Det handlar om å forvalte naturressursane på ein berekraftig måte og å skape nye grønne arbeidsplassar. Planen skal ha mål og strategiar for utviklinga innan temaet, og det skal utarbeidast eit handlingsprogram for gjennomføring av planen.

Høyringsinstansane er inviterte til å koma med synspunkt innan 10. mars 2023. Planen byggjer på planprogrammet som var på høyring i 2021. Planen skal ifølgje framdriftsplanen leggjast fram for vedtak i juni 2023.

Nasjonalparkstyret gav slik innspel til planprogrammet, jf. sak 21/2021:

> *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er tilfreds med at god besøksforvaltning er sett på dagsorden i planprogrammet. Den regionale planen bør konkretisere nærare korleis dette kan utviklast i praksis. Nasjonalparkstyret vil oppfordre til at eit utviklingsprosjekt for besøksforvaltning blir ein del av handlingsprogrammet i «Regional plan for klima, energi og miljø». Prosjektet bør organiserast som eit samarbeid der heile det store kompetansemiljøet på bruk-vern-feltet i Innlandet blir involvert. Vi ser det som naturleg at nasjonalparkstyra og -forvaltarane blir involverte i dette arbeidet.*
>
> *For å kunne leggje til rette for auka verdiskaping knytt til nasjonalparkane og dei andre verneområda i innlandet, er det viktig å ha ei aktiv forvaltning som sikrar at bruken skjer på ein måte som ikkje går ut over verneverdiane. Dette krev både tilstrekkelege ressursar og god organisering. Det er viktig å bygge opp eit system som sikrar at informasjon når ut til brukarane og at det blir bygd gode system for kanalisering av ferdsel utanom sårbare område.*
>
> *Utvikling av randområdsonene til verneområda, med tilrettelegging av gode og funksjonelle innfallsportar, kan vera eit viktig bidrag i verdiskapinga.*

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020. Styret kan gje uttaler til saker som angår nasjonalparkane direkte eller indirekte.

## Vurdering

I uttalen til planprogrammet konsentrerte ein seg om kapittel/avsnitt som er særleg relevante for nasjonalparkforvaltninga, og tok ikkje stilling til planen på generelt nivå. Det er likevel slik at dei spesielle tema som ein tek opp her i ein viss grad også kan verke inn på generelle spørsmål som t.d. utslepp knytt til transport. I framtidige besøksstrategiar vil det m.a. vera relevant å synleggjera korleis områda i større grad bør tilretteleggast for tilgjenge via kollektivtransport – slik det er gjort i den nyleg vedtekne besøksstrategien for Besseggen.

Det er knytt store verdiar til fjellområda i Innlandet, både når det gjeld tradisjonell landbruksdrift, reiseliv, friluftsliv og naturverdiar. Innlandet har heile 11 nasjonalparkar med areal heilt eller delvis innan fylkesgrensene. Nasjonalparkane med tilhøyrande verneområde blir forvalta av nasjonalparkstyre med lokal og regional representasjon, og 12 av forvaltarane som utgjer sekretariat for nasjonalparkstyra her er lokalisert på kontorplassar i Innlandet.

Det har dei seinare åra vore auka fokus på nasjonalparkane som grunnlag for verdiskaping. Miljødirektoratet lanserte i 2015 ny merkevare- og besøksstrategi for Norges nasjonalparker, der bodskapen er *Velkommen inn!* Ein føresetnad for auka bruk av verneområda i verdiskaping er at bruken skal skje på ein måte som ikkje går ut over verneverdiane, men i enkelte område kan det oppstå konflikter mellom rekreasjonsbruken og naturverdiane; dette gjeld særleg for villreinen.

Fleire av parkane har villrein som ein viktig verneverdi, og Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på den siste europeiske villreinen. Villreinstammen i Vest-Jotunheimen har sitt leveområde i nasjonalparkkommunane Årdal og Luster i Vestland. Det er ikkje villrein innan Innlandet sin del av nasjonalparken, men verneområda har andre kvalitetar som er viktige å framheve i ein regional plan for klima og miljø.

For å unngå bruk som går ut over verneverdiane er det viktig å utvikle metoder for å styre og kanalisere ferdselen, t.d. gjennom fysiske tiltak i marka og informasjon. Dette vil vera ein viktig føresetnad også for å skape nye arbeidsplassar innen reiseliv og opplevingsturisme.

På side 14 i planprogrammet var besøksforvaltning framheva slik:

*«Besøksforvaltning, friluftsliv og reiseliv*
*Næringsutvikling henger tett sammen med arealforvaltning og -disponering, og vil derfor være en viktig påvirkningsfaktor for naturmangfoldet i Innlandet. Samtidig er natur- og kulturarvsopplevelser, tilrettelegging for friluftsliv og reiseliv viktig for å styrke Innlandsidentiteten. Attraktive lokalsamfunn og muligheter for gode opplevelser bidrar til økt interesse og flere gjestedøgn. «Bruk og vern» er et nøkkelbegrep i forvaltningen av Innlandets natur og kulturarv. Gjennom god besøksforvaltning har man mulighet til å kanalisere ferdsel. Da legger man til rette for at friluftsliv, kulturmiljø og naturopplevelser skjer på en skånsom måte, at de mest sårbare områdene får ligge urørt, at lokalsamfunn involveres i bruken av stedegne ressurser og at verdiskapinga skjer lokalt. Det er viktig å forstå reiselivet som en industri som utnytter det lokale ressursgrunnlaget på linje med andre industrier, som for eksempel fiskeri-, olje- og mineralnæringene. Utfordringen er å få til et godt samarbeid på tvers av hensyn og sektorer, og å øke kunnskapen om effekter av ulike tiltak på natur- og kulturarvsverdiene og på lokalsamfunnene som knytter seg til disse.»*

Det er positivt at besøksforvaltning er sett på dagsorden i planprogrammet, og ein hadde ut ifrå dette forventa signal om ei meir aktiv satsing i plandokumentet/handlingsprogrammet. Det som står om besøksforvaltning i pkt. 1.4 under kap. *5.1 Innovasjon og næringsutvikling for grønn omstilling* er ganske generelt, og bør konkretiserast før sluttbehandling av planen:

| Strategier | Forslag til tiltak | Beskrivelse av tiltaket | Ansvarlig | Forventede samarbeids-partnere |
|---|---|---|---|---|
| 1.4 Ved større utviklingstiltak i reiselivet og rekreasjons-næringen brukes prinsippene i besøksforvaltning, for å styre ferdsel og reduserer mulige konflikter, både når det gjelder lokalmiljø, natur, kulturmiljø og dyreliv. | 1.4.1 Utarbeide strategier for reiselivet i tråd med regionale målsettinger innen klima, miljø og energi, der prinsippene for besøksforvaltning ligger til grunn. | 1.4.1 Det er behov for en helhetlig tilnærming til framtidas reiselivsprodukter i Innlandet. Aktuelle temaer er besøksforvaltning, delingsøkonomi, energiforsyning, mobilitet med mer. | Innlandet fylkeskommune | Næringslivet, Statsforvalteren i Innlandet og Innovasjon Norge |

Det er her vist til at «*prinsippene i besøksforvaltning*» skal ligge til grunn, men det er ikkje synleggjort kva desse prinsippa går ut på. Sidan dette er eit handlingsprogram er det nødvendig å vera meir konkret i å formidle kva føringar ein skal rette seg etter i ein plan som har miljø som eit hovudtema.

For besøksforvaltning i verneområda gjeld dette prinsippet:
• *Prinsipp: Dersom det er motstridende målsettinger mellom ivaretakelse av verneverdiene, tilrettelegging for de besøkende og lokal verdiskaping, skal ivaretakelse av verneverdiene tillegges størst vekt. (Miljødirektoratet M-415 | 2015 Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder)*

Vi saknar nasjonalparkstyra som samarbeidspartar, da nasjonalparkane er svært viktige trekkplaster for reiselivet i Innlandet. Det er også fleire destinasjonar som har gått inn i arbeidet med utvikling av berekraftig reisemål, og dette arbeidet bør synleggjerast som inspirasjon for områda som ikkje har kome i gang. For destinasjonane rundt Jotunheimen har både Visit Valdres, Visit Jotunheimen og Nasjonalparkriket Reiseliv gått inn i arbeidet med berekraftig reisemål.

Noreg har tradisjonelt hatt mindre fokus på aktiv besøksforaltning enn det som er vanleg i andre europeiske land. Som nasjonalparkfylke med mange verneområde som også blir nytta i reiselivsutvikling, bør Innlandet arbeide for utvikling av eit prosjekt for besøksforvaltning som del av handlingsprogrammet i «Regional plan for klima, energi og miljø». Prosjektet bør organiserast som eit samarbeid der store kompetansemiljø på bruk-vern-feltet i Innlandet blir involvert. Aktuelle aktørar frå kompetansemiljøet er Fylkeskommunen, Statsforvalteren, Nasjonalparkstyra, Naturinformasjonssentra, fjellstyre, Statens Naturoppsyn, FOU-miljø, regionale reiselivsorganisasjonar, Villreinnemndene og -utvala, Turistforeningane, nasjonalparkkommunane.

Under kap. *5.5 Natur- og kulturmiljø og naturmangfold* er det eit pkt 5.1 som viser til arealregnskap:

| Strategier | Forslag til tiltak | Beskrivelse av tiltak | Ansvarlig | Forventede samarbeids -partnere |
|---|---|---|---|---|
| 5.1 Vi ivaretar naturlige bestander av arter, sikrer genetisk mangfold og ivaretar arters leveområder og viktige økologiske funksjonsområder på land og i vann. | 5.1.1 Vi utarbeider et arealregnskap på regionalt nivå. Se også tiltak under arealbruk. | 5.1.1 Blant annet følge opp den nasjonale utviklingen av et økosystemregnskap som viser økologisk tilstand på arealene og økosystemtjenester. | Innlandet fylkeskom mune | Statsforvalt eren i Innlandet og kommuner |

Eit arealrekneskap er i seg sjølv knapt noko tiltak, men meir ein indikator eller måleverkty som viser korleis ein ligg an når det gjeld mål/strategi om å ta vare på bestandar, leveområde og funksjonsområde. Arealrekneskapet må følgjast opp med konkrete tiltak for å motverke øydelegging av leveområde og funskjonsområde for sårbare artar. Også her bør nasjonalparkstyra framhevast som aktuelle samarbeidspartar, saman med villreinnemndene i område med villrein.

# Saksframlegg

**Arkivsaksnummer:** 2023/2527-1 **Saksbehandlar:** Eldrid Nedrelo **Dato:** 27.02.2023

| **Utval** | **Utvalssak** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 16/2023 | 06.03.2023 |

# Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Uttale til planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2024 - Luster kommune

## Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen saknar ei tydeleg satsing på aktiv besøksforvaltning i kommuneplanen. Nasjonalparkstyret tilrår at det blir lagt til eit eige punkt i planprogrammet for arealdelen som heiter besøksforvalting og at dette også blir integrert i samfunnsdelen ved neste revisjon, gjerne knytt til den delen som i dag handlar om «Distriktsinnovasjon». Ein besøksstrategi vil kunne sikre ein målretta styring av aktiviteten i kommunen sett i lys av dei natur-, kultur- og landsbruksverdiane ein ønskjer å vareta.

Nasjonalparkstyret vil gjere merksam på at vurdering av naturverdiar, særleg villrein, bør få prioritet når hytteutbygging skal vurderast ved Turtagrø i arealdelen. Dette sett i lys av:

- verneformålet for Jotunheimen nasjonalpark
- det pågåande arbeidet med kvalitetsnorm for villrein
- fokusområde ved Turtagrø, jf. det pågåande arbeidet med kvalitetsnorm for villrein i Vest-Jotunheimen
- punkt 3 under arealstrategi tema Miljø og berekraftig utvikling i planprogrammet.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

Luster kommune har lagt planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel ut på høyring:

- Luster kommune – Planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2024 Luster kommune – Forslag til høyring og offentleg ettersyn

Plandokumenta kan lesast her: Arkivsak 22/4984 - Kommuneplanen sin arealdel - planid 2022005 (onacos.no)

Planprogrammet tek for seg ulike tema som skal belysast i kommuneplanen, og det er tema Miljø og berekraftig utvikling sett i lys av tema Hytteområde som kan vere aktuelle for nasjonalparkstyret sitt ansvarsområde.

## Saksopplysningar

Luster kommune har starta revisjon av den gjeldande arealdelen. Oppstartsvarsel med planarbeid vart sendt ut i desember 2022, saman med forslag til planprogram. Det er opna for å kome med innspel til planen fram til 24. mars 2023.

Arealdelen er kommunen sitt overordna styringsdokument for arealbruken. Kommuneplanen sin arealdel gir hovudtrekka i arealdisponeringa og set rammer og vilkår for nye tiltak som skal settast i verk. Kommuneplanen styrer til dømes kvar det skal byggast nye fritidsbustader og kva område som skal utviklast først. Arealdelen skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og det bør såleis vere ei tett kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen.

Det vart utarbeidd arealstrategiar i samfunnsdelen som skal leggjast til grunn for arealdelen, og i planarbeidet vil det leggjast vekt på dei 4 satsingsområda til kommunen. Av dei største endringane som vart trekt fram ved utarbeidinga av den nye samfunnsdelen, var at: Det vart sett fokus på berekraftsmåla til FN og fastsetjing av klimamål for kommunen. Dette punktet er peika på som særleg viktig ved denne revisjonen av arealdelen.

Andre tema som er trekt fram i planprogrammet er m.a. å *«Redusere mengden areal sett av til hytteområde i kommunen og konsentrere felt i nærleik til eksisterande næringsdrift, med fokus på at felta skal ha positive ringverknader for nærområdet og kommune som heilheit.»*

Planprogrammet, slik det endeleg blir vedteke, vil utgjere kommunestyret si bestilling til innhald og prosess for utarbeidinga av kommuneplanen sin arealdel.

I planprogrammet står m.a. følgjande:

**Hytteområde**
*I gjeldande arealdel er det sett av meir areal til hytteområde en kva som er reelt behov for. Ved siste revisjon blei det teke ut ein del, og ved denne revisjonen er det ynskjeleg å legge til rette for at hyttebygging i hovudsak skal skje i tilknyting til felt med gode ringverknader for lokalt næringsliv. Det skal ikkje byggjast fritidsbustader på dyrka mark, med unntak av ved skisenteret der det er store positive lokale ringverknader. Det vil bli aktuelt å fjerne hytteområde som ikkje er i tråd med kommunen sine overordna mål og arealstrategiar, og eventuelt vurdere nye område som er meir hensiktsmessige.*

*Arealstrategi:*

1. *Hyttebygging skal i all hovudsak konsentrerast i hyttefelt framfor spreidd utbygging. Hytteutbygging skal sjåast i eit næringsutviklingsperspektiv, der høg standard, god arealutnytting og der byggjeaktivitet, kan støtte opp under annan aktivitet. Eksempel på dette er Heggmyrane og Turtagrø.*
2. *Med unntak av Heggmyrane skal hyttebygging skje utanfor jordbruksareal eller areal der det er konflikt med beiteinteresser.*

*Hyttebygging er ein av faktorane som bidreg til tap av natur/press på natur. Vurdering av naturverdiar vert viktig når nye hytteområde skal vurderast.*

**Miljø og berekraftig utvikling**

*Endring av arealformåla i kommuneplanen med påfølgjande utbygging kan føre til tap av natur og utslepp av klimagassar. Verknaden av inngrep kan vere komplekse og er ikkje avgrensa til areal som blir bygd ned..*

*Arealstrategi:*

1. *Større samanhengande områder med høg landskaps- og opplevingskvalitet skal takast vare på*
2. *Luster kommune skal føre ein arealpolitikk som i liten grad medfører tap av natur*
3. *Biologisk mangfald (jfr. Kartlegging av biologisk mangfald i kommunen) skal vektleggjast*
4. *Utbyggingsareal skal som hovudregel leggjast på uproduktive/lågproduktive areal utan spesielle økologiske eller biologiske funksjonar med særleg verdi for trua, sårbare, sjeldne artar eller bestandar*

# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020. Styret kan gje uttalar til saker som angår nasjonalparken direkte eller indirekte.

# Vurdering

I denne saka har vi sett på kapittel/avsnitt som er særleg relevante for nasjonalparkforvaltinga.

Det er knytt store verdiar til fjellområda i Luster, både når det gjeld tradisjonell landbruksdrift, friluftsliv, reiseliv og naturverdiar. Det har dei seinare åra vore auka fokus på nasjonalparkane som grunnlag for verdiskaping. Miljødirektoratet lanserte ein ny merkevare- og besøksstrategi for Norges nasjonalparker i 2015, der bodskapen er Velkommen inn! Ein føresetnad for auka bruk av verneområda i verdiskaping er at bruken skal skje på ein måte som ikkje går ut over verneverdiane, men i enkelte område kan det oppstå konflikt mellom rekreasjonsbruken og naturverdiane. I Vest-Jotunheimen ser vi at dette gjeld villreinen i Hurrungane-området.

Villreinstammen i Vest-Jotunheimen er på mellom 250 og 400 dyr. Han har sommarbeite og kalvingsområde på halvøya mellom Lustrafjorden og Årdalsfjorden. Men vinterbeitet er i Hurrungane mot Sognefjellet. På vårparten trekker simlene mot kalvingsområda og bukkeflokkane blir som regel hengande att. Det er desse flokkane som trekker ned mellom hyttene på Turtagrø og som verkar lite påverka av vår aktivitet. Dei svakaste og mest sårbare dyra i flokken er dei drektige simlene, som kan bli hindra i trekket mot kalvingsområdet dersom aktiviteten nær trekkruta blir for høg. Den mest sårbare tida er april-mai. Då er det særleg viktig å vise omsyn til reinsdyra.

*«Å ta vare på leveområde for villrein»* er ein viktig del av verneformålet i Jotunheimen nasjonalpark, og Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på den siste europeiske villreinen.

Kvalitetsnorma for villrein vart vedteken sommaren 2020. Kvalitetsnorma er eit trafikklys-system som seier noko om tilstanden for villrein i kvart enkelt villreinområde, dvs. kor god kvalitet villreinområdet har. I korte trekk er målet med kvalitetsnorma å skildre tilstanden til villreinen i kvart av våre 24 villreinområde. Klassifiseringa vil gi tydelege signal om kva faktorar som er dei største utfordringane i kvart enkelt villreinområde. Kvalitetsnorma for villrein består av tre delnormer, og nasjonalparkstyret vil peike på at den siste kan vera relevant for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel:

1. Bestandsforhold
2. Lavbeite
3. Leveområde og menneskeleg påverknad

Dei nasjonale villreinområda vart klassifisert våren 2022. Frå hausten 2023 skal dei villreinområda som ikkje er nasjonale klassifiserast. Vest-Jotunheimen villreinområde er eit av desse.

Regjeringa vil betre tilhøva for villrein, og har også vedteke å lage ein eigen stortingsmelding for villrein og tiltaksplanar for villreinområda. Om kvaliteten til eit villreinområde ikkje er god nok, vil Klima- og miljødepartementet følgje opp ved å lage ein plan for korleis kvaliteten kan bli betre.

I arbeidet med kvalitetsnorma for villrein i Vest-Jotunheimen blir det m.a. peikt på *fokusområde Turtagrø.* Fokusområde er stader i villreinen sitt leveområde med arealinngrep og/eller menneskeleg aktivitet på eit nivå som kan skape utfordringar for villreinen. Følgjande vurdering er gjort for *fokusområde Turtagrø,* henta frå Vest-Jotunheimen villreinområde (arcgis.com):

*Det genereres mye trafikk ut fra Turtagrø og inn stiene i dalførene Skagastølsdalen og Ringsdalen. I tillegg er Dyrhaugsryggen også et meget populært turmål selv om det ikke går merket sti opp dit. Inn Ringsdalen går det også en anleggsvei som flere benytter seg av, det er foreløpig ikke satt opp bom langs vegen, men det er diskutert. Vegen er ikke vinterbrøyet. Vegen fører til at områdene innover er lett tilgjengelig og flere kjører innover og slår opp telt, dermed genererer vegen en del campingturisme.*

***Arealunnvikelse***

*Avgrensningen til fokusområdet for arealunnvikelse er noe utvidet sammenlignet med forkusomådet for funksjonelle trekkpassasjer. I tillegg til ferdselen langs Ringsdalen, Skagastølsdalen og Dyrhaugsryggen genereres det også en del ferdsel fra Tindevegen og inn i området. Villreinen sin arealbruk av områdene her har endret seg den senere tiden, det er færre dyr som bruker området nå enn det som var tilfellet tidligere. Det er ikke observert dyr de siste to årene (2021 og 2022), men det ble registrert en del bukker i området i 2018. Flere forhold kan påvirke villreinens bruk av området, både ferdsel, snøforhold og klima.*

Gjennom planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel som no er til høyring, blir det vurdert om det skal leggast til rette for hyttefelt i Turtagrøområdet. Under arealstrategien blir det peika på at *hyttebygging er ein av faktorane som bidreg til tap av natur/press på natur. Vurdering av naturverdiar vert viktig når nye hytteområde skal vurderast.*

Nasjonalparkstyret vil gjere merksam på at vurdering av naturverdiar, særleg villrein, bør få prioritet i denne samanheng. Dette sett i lys av:

- verneformålet for Jotunheimen nasjonalpark
- det pågåande arbeidet med kvalitetsnorm for villrein
- nemnde fokusområde ved Turtagrø
- punkt 3 under arealstrategi tema Miljø og berekraftig utvikling i planprogrammet.

Med bakgrunn i ovannemnde, saknar Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen ei tydeleg satsing på aktiv besøksforvaltning i kommuneplanen. Nasjonalparkstyret tilrår at det blir lagt til eit eige punkt i planprogrammet for arealdelen som heiter besøksforvalting og at dette også blir integrert i samfunnsdelen ved neste revisjon, gjerne knytt til den delen som i dag handlar om «Distriktsinnovasjon». Ein besøksstrategi vil kunne sikre ein målretta styring av aktiviteten i kommunen sett i lys av dei natur-, kultur- og landsbruksverdiane ein ønskjer å vareta.

I lys av dette meiner vi at det kan vere føresmålstenleg å etablere ei besøksforvaltingsgruppe i kommunen som kan reise aktuelle problemstillingar knytt til besøksforvalting og drøfte akteuelle tema på tvers av administrative grenser. Nasjonalparkforvaltarane kan vere aktuelle deltakarar i ei slik gruppe saman med representantar for ulike fagområde i kommunen.

**ST 17/2023 Eventuelt**